

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 14.12.2016
Vår ref.: 2016/578-69
Saksbehandlar: anethom
Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

Kunstprosjekt og kulturtiltak - profesjonell - hausten 2016

Vi viser til dykkar søknad om tilskot til Kunstprosjekt og kulturtiltak - profesjonell - hausten 2016.

Kultur- og ressursutvalet handsama søknaden i politisk sak 169/16 på møte den 06.12. d.å. Dykkar søknad vart diverre gitt avslag.

Grunngjeving:

Ved søknadsfristen «TS_FRIST» var det kome inn 58 søknader. Samla søkesum var om lag 2,4 millionar kroner. Det var totalt 465 000 kr til fordeling under Kunstprosjekt og kulturtiltak - profesjonell - hausten 2016. Fylkesrådmannen si innstilling vart samrøystes vedteke.

Det kom inn mange gode søknader som fylte vilkåra for ordninga. Prioriteringa har vore gjort med utgangspunkt i føremålet for ordninga og kriteria fastsett i vedtekne retningslinjer.

For oversikt over grunngjeving og tildeling sjå [saksframlegg](#) og [vedlegg](#).

Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklage vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de tok imot melding om vedtaket. Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune er klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, hfk@hfk.no merka med «Klage i sak 2016/578». Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Ronny B Skaar
utviklingssjef

Sakshandsamarar: Tone Stedal Haugland og Marianne Ose Askvik
Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.